

Ulovleg fiske også i Uskedalen

19.06.2009

Til utgangen av mai hadde lensmannskontoret registrert til tilfelle av ulovleg garnfiske etter sjøaure og laks denne sesongen og Uskedalen var også representert på denne lista, opplyser lensmann Sigurd Børve til Kvinnheringen.

Det var fleire tilfelle enn det som har vore vanleg dei siste åra og dei fleste tilfella gjaldt garn som var sette innanfor fredningssonene kring i kommunen. Det skjedde mellom anna i Uskedalen og mellom Dimmelsvik og Rosendal. Det galdt også reiskap som ikkje var merkte etter forskriftene. Ofte er det slik at dei som set garn ulovleg innanfor sonene heller ikkje merkjer reiskapen.

I fleire av tilfella har dei kjende gjerningspersonar, som får inndrege reiskapen sin og får førelegg på nokre tusen kroner.

Hovudårsaka til auka beslag er betre og hyppigare oppsyn.